

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG)
NBV, 04.12.2013

REFERAT FRÅ STYREMØTE 29.11.2013

Ustedalen Hotell, Geilo

**Til stades: Johan Vaa, Stein Verpe, Anve Myklatun, Robert Pedersen,
Per Helge Sekse, Odd Gunnar Vikan og Nils Bjørn Vistad (sekr.)**

Meldt avbud: Bergfinn Kvalnes og vara.

Kommentarer saker og tilleggssaker.

Sak 1. Gjennomgang restanser

- Vinje: Skindalen utmeldt.
Svalastog OK.
Rauland Nordre, ikkje sjekka.
- Odda: Ingen merknad.
- Eidfjord: Søre Bjoreidalen, skal vera/bli OK, sekr. fylgjer opp med
brev om responsfrist/event utmelding.
Sandvadet, uklart, kommunalt, Anve sjekkar.
- Nore og Uvdal: Avklaring Østfjellet (Odd Gunnar). Sans. gamald rest.
- Hol: Ingen merknad.
- Tinn: Måna klar, utmelding, sjukdom m.m. Robert avklarar om
Johan skal delta på årsmøtet i Måna. Restansekrav gjeld frå
inneverande år.

Vedtak: *Til etterretning og oppfylgjing*

Sak 2. Søknad om driftstilskot til Villreinutvalet (VU)

Ved brev av 25.09.13 søker VU om auka driftstilskot frå HG. I dag er tilskotet avgrensa til kr.30.000 fast og inntil kr.30.000 etter søknad,- i praksis omlag kr.60.000 i året.

Dette beløpet har stått stille i mange år.

Konkret søker VU om at begge beløp aukar med kr. 10.000,- samla kr.80.000 i året,- med verknad f.o.m. inneverande år.

Vedtak: *Driftstilskotet blir auka til kr.40.000. Ramma for refusjon av møteutgifter for HG sine medlemmer blir auka tilsvarande. Ein legg til grunn at FH as gjer tilsvarande vedtak. Vedtaket gjeld f.o.m. 2013.*

Sak 3. Valnemndmedlem frå Hordaland

Valnemnda i HG er sett saman av eitt medlem frå kvart fylke, kontinuitetsvis slik at eitt medlem er på valg kvart år, og lengst sitande medlem er leiar. Grunna eit praktisk element vart nytt medlem frå Hordaland ikkje vald på årsmøtet i vår.

Ifylgje Per Helge vil saka bli ordna snarleg.

Vedtak: *Styret reknar med at nytt valnemndmedlem frå Hordaland er på plass til komande årsmøte i mars 2014.*

Sak 4. Ny heimeside for HG

Mikkel Aanderaa, Gvarv, har no ei tid vore engasjert for oppnying av heimesida til HG. Arbeidet byrgjar syne resultater. Eit hovudmål skal vera å få lagt ut fleire dokumenter m.v. og slik sett gjera sida monaleg meir attraktiv.

Under møtet gjorde eit mellombels problem det uråd å få opp «ny side» på nettet, slik at ein ikkje fekk synt resultatet i møtet, men ny syning blir gjort i fagmøtet dagen etter

Vedtak: *Arbeidet med ny heimeside går vidare. Johan arbeider litt med avklaring av driftsansvaret for dette fram etter.*

Sak 5. Skilting utan grunneigarvarsling i Hordaland

Etter innspel frå HG i Hordaland, i arbeidsmøte i Eidfjord 15.03.13, tilskreiv sekretæren Fylkesmannen, med kritikk på hevda nyskilting utan varsling til grunneigar. Attendesvar frå FMHO var positivt og tydeleg på at slik skilting burde skje etter samråd med berørte grunneigarar. Vidare ville ein ha innspel på kva for konkret merking det var tale om, slik at FM kunne fylgje dette opp mot lokale aktørar.

Denne konkretiseringa (av aktuelle stiar/løyper) har ikkje blitt fylgd opp.

Vedtak: *Sekr. sender brev til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg landing av saka. Ein skal her vera tydeleg på den positive inngang FM har hatt i saka.*

Sak 6. Bidrag til arbeidet i VU, frå private utanom HG

Framleis er ein stor del av privat eigedom ikkje medlem av HG, og svarar soleis heller ikkje kontingent, avgift eller støtte til Villreinutvalet sitt arbeid med reinforvaltninga. Dette bør ein freiste gjera noko med, og det er laga eit utkast til felles brev (HG og FH) til desse, adressera til dei vald som ikkje er medlem i dag.

Etter drøfting fann styret at det kunne høve med eit arealbidrag i storleiksorden kr.30/km².

Dette samsvarar rimeleg med det tilskot HG yter til dette arbeidet i dag.

Systematisk gjennomgang av samla valdoversikt, for avdekking av vald utanfor HG.

Vedtak: *Styret finn det rett at alle bør bidra økonomisk til VU sitt pålagte arbeid, og at dette også bør gjelde areal som i dag ikkje er tilslutta HG (med fast kontingent). Ein meiner slik «avgift» bør ligge på omkring kr.30 pr. km² og vil, saman med FH, sende ut brev til alle aktuelle om dette. Samstundes kan ein nytte høvet til å invitere til medlemskap i HG.*

Sak 7. Arrangementet X-reid

Ein viser til arrangementet «X-reid» i fjor, med om lag 60 deltakerar, som i år er tenkt utvida til om lag 250 stk. Over tid blir det venteleg vesentleg større.

Øvre Numedal Statsalmenning har vedtak på å stille seg negativ til dette, og vil ikkje la nytte sitt areal til føremålet. Styret vart orientert om saka.

Vedtak: *HG tar saka til orientering, og melder attende til Øvre Numedal Fjellstyre ei støtte til den restriktive haldning i saka.*

Sak 8. Orientering om ymse forvaltningsvedtak i TU-Telemark

Bruk av helikopter ved utfrakt av elg og kor vidt linebruk frå helikopter skulle vera å rekne som «landingssak», jfr tidlegare høgsterettsdom om dette.

Byggesak frå Møsvatn-Austfjell landskapsvernområde, der grunneigar ville rive eit uthus og bygge nytt, og der TU sa ja på urimelege vilkår (riving før bygging, rivingsmaterialar ut av terrenget og transport avkorta til nov.-des.).

Vinje HG meiner begge saker viser ein rigid praksis, som ikkje tener samla forvaltning av verneområda.

Vedtak: *Styret i HG tek eksempla til orientering.*

Sak 9. Møte med Ordførarutvalet

I «Regjeringsfråsegna» er uttalt: «Lokal medvirkning er viktig i forvaltning av naturressursene, og regjeringa vil ha forsøk med grunneierstyrt forvaltning av verneområder.»

Det er lagt opp til at Ordførarutvalet skal ha snarleg møte om denne saka, med deltaking frå FH og HG. Johan deltek frå HG.

Primært er det aktuelt å meisle ut ein strategi for oppfylgjande møte med MD.

Johan orienterte litt om tenkte planar så langt, i høve møtet med MD, m.a. med utgangspunkt i litt om historikken og med ein møteavslutning med vedtak om ei arbeidsgruppe for vidare utvikling av temaet og samansetninga til ei slik gruppe. Herunder vil ein måtte ha fokus på viktige sider som vedtektsrevisjon, lufttransport, innhaldet av landbruksomgrepet m.v. Samansetninga av ei slik gruppe vil sjølvsagt vera særskilt viktig.

Odd Gunnar var skeptisk til arbeidet i Ordførarutvalet generelt og hadde heller ikkje tru på dette opplegget dersom dette utvalet skulle ha for stor plass. Der imot var han positiv til TU-arbeidet i Buskerud. Han framheva viktigheten av å vite «kva ein vil oppnå» i forkant av arbeidsstart.

Johan hadde eit framlegg til vedtak, som vart godkjent mot ei stemme frå Nore og Uvdal.

Vedtak: *Leiaren får fullmakt til å arbeide vidare med spørsmålet, i samråd og i samarbeid med Ordførarutvalet og Fjellstyra på Hardangervidda.*

Sak 10. Digital kommunikasjon

Johan gjorde framlegg om at all korrespondanse mot medlemmene (referat, møteinnkallingar, HG-Nytt m.v.) skulle skje pr e-post (digitalt) til alle som hadde e-postadresse, og at dette skulle skje omgåande.

Det var ingen motforestillingar frå øvrig del av styret.

Vedtak: *Styret vedtok å satse maksimalt på digital kommunikasjon med medlemmene, og vil ta i bruk e-post umiddelbart. Fyrste prøve blir med utsending av referat frå dette styremøtet.*

000

Gjennomgang av møte- og reiseprogram for styret avsluttande år.

Komande årsmøte og vårmøte blir truleg 21.-22.mars 2014, alternativt helga før (14.-15.mars).

Nils Bjørn Vistad, sekr.

